

UNG ELDSJEL FRÅ BRYNE

Idas hjelpefond (IHF)



Godt med eit fang i barnehagen - Ida og Cinthia

**Idas
hjelpefond (IHF)**
Oppstarta i mars 2010 av
studenten Ida Jaarvik Hetland
frå Bryne. Ida har sidan den
gong samla inn over ein
million kroner til born i
Guatemala

**Idas
hjelpefond
(IHF)**

Oppstarta i mars
2010 av studenten
Ida Jaarvik Hetland frå Bryne.
Ida har sidan den gong samla inn over ein mil-
lion kroner til born i Guatemala.
Pengane er m. a. brukte til å betala opera-
sjonar (hofte/ledd, open gane), skulestipend,
matpakkar, medisinar, skulemateriell og barne-
hage.

Mange her i distriktet kjenner nok til Ida frå før. Skular,
barnehagar og mange andre har vore med og samla inn
pengar til prosjektet hennar: Å hjelpe born i Guatemala. Ho
har hatt god pressedekning, og i dagens mediesamfunn er
det også lettare å få ut "bodskapen".

Helgedagen fekk møta Ida ein ettermiddag i oktober. Ei sær-
blid og vennleg ung dame som nettopp har begynt i arbeid
etter lang utdanning. Kva er det som gjer henne så spesiell?
Varmen og engasjementet! At ho bryr seg der andre ikkje
hadde våga å satsa som ho har gjort! Ho har brukt mykje tid
og krefter til hjelpearbeid, i tillegg til å fullføra utdanninga si.

Korleis starta dette?

Ida fortel at ho alltid har vore glad i born, og då ho var på
besøk hos ein studiekamerat i Guatemala i 2007, fekk ho
sjå noko av kontrastane og nauda i landet. Ho bestemte seg
for å reisa tilbake. Sjølv om det var urolege tider i landet i



Glade born i barnehagen Ninos del Mundo på den
offisielle opningsdagen 12. juli 2013



Wendy var første barn i
barnehagen
Foto: Borghild Ree Strand



Jessica og Ida har møtt kvarandre
omlag to gonger i året sidan dei
først møttest i 2009



Nokre av borna med forskulelæraren Maria Magnolia utanfor barnehagen

2009, reiste ho likevel åleine dit. Ho ville gjera noko med all nauda. Gjer ditt beste, var alltid mor hennar sitt råd, og det har ho verkeleg gjort. Ida kjempar mot det urettferdige, og ho prøver konkret å visa korleis kvardagen er for born i Guatemala.

- Det er ekstremt motivterende når du ser at du faktisk kan gjera ein forskjell, sa Ida til magasinet Nærvarer sist vinter. Nærleik – utan mellomledd – er viktig for henne. Pengane går direkte til dei som treng det. Reisene sine til Guatemala betalar ho privat.

Det som starta i det små, med pengeinnsamling til operasjon for ei lita jente som heitte Jessica, har vakse. Idas hjelpefond, IHF, hjelper nå mange. 15 småborn, 3-4 år, får gå i barnehage. Dei får der fagleg og sosial kompetanse til lettare å fullføra grunnskulen. Fleire enn halvparten droppar nemleg ut av skulen før 5. klasse. Vegen vidare for mange av desse går ofte via barnegravitet til djup fattigdom. Om ettermiddagane kjem 30 - 40 born og får leksehjelp. Hjelpearane er då born som tidlegare sjølv har fått hjelp, og som slik lærer ansvar for andre.

Målet denne hausten er månadleg å kunna gje operasjon til eitt barn med hareskår/open gane. IHF samarbeider med ein lokal organisasjon om dette. Ein slik operasjon kostar ca. 3000 kr, og kan forandra heile livet for akkurat det barnet. Ho ser på det som svært viktig å vera lokalt forankra i hjelpearbeidet sitt.

Laurdag 21. desember kl 11 – 17 blir det kafé og utstilling av foto frå Guatemala i Bryne Mølle. Då satsar ho også på å selja småting frå landet.

Eventuelt overskot frå julemusikalen *Like til Betlehem* går til Idas hjelpefond.

Kvífor ikkje gje alternative gåver denne jula? Kanskje gávekort frå IHF?
Les meir om denne eldsjela på www.ihf.no.

Du kan også gje direkte på konto 3325.37.38397

Foto: Ida Jaarvik Hetland og Borghild Ree Strand

Tekst: LHH



Soskenborna Malin og Mina, begge 7
år, hjelper Ida på Bryne! 666 kr kunne
dei gje til IHF!

Foto: Privat



Vesle Magaly er eitt av borna som
har fått hofteoperasjon – og som nå
kan gå, takka vere IHF



Emmanuel elskar å gå i barnehagen
- berre dei færraste får den sjansen